



E & M Holding trekkjer ikkje motsegnene sine. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen vil at E & M Holding trekker motsegnene sine mot reguleringsplanen for turistanlegga, men det nektar selskapet å gjera.

Det ser at ingen ting er gjort med desse motsegnene og planen vil difor øydeleggja for heile driftsgrunnlaget for E & M og leigetakarane deira, som er nøydde til å ha parkeringsplassar for drifta si.

Selskapet reagerer også på at sakshandsamaren betrakter dette som marginale inngrep. Gjennomføringa av planen vil i praksis føra til at E & M står utan parkeringsplassar til leigetakarane sine, som til dømes består av 5 bedrifter. Parkeringsplassane til dette bygget har vore brukt sidan husa var nye i 1950 og er framleis naudsynte for vidare drift i bygningane.

Selskapet må ivareta interessene sine og interessene til kundane som har skapt arbeidsplassar i Uskedalen. E & M Holding reknar også med at det er i kommunen sin interesse å ta vare på eksisterande firma og arbeidsplassar. Utifrå bevet frå kommunen kan det verka som om dette er sett til side i iveren etter å tilfredsstilla andre aktørar sine behov.

Tiltakshavar har heller aldri teke kontakt med selskapet i samband med denne reguleringsplanen.

Det blir i brevet til kommunen også peika på at tilkomstveg til kjellerlokale ikkje er teke med i planen sjølv om dette har vore påpeika to gonger.

Av Ola Matti Mathisen